


Starten på Vinter-OL.




Kunstige ishaller rundt i Europa gjorde at kunstløp var tatt inn i det olympiske programmet alt frå den fyrste olympiske kongressen i Paris i 1894. Likevel var skøytene med i sjølve leikane fyrst i London i 1908.

Medlemer av den Internasjonale Olympiske Komite (IOC) arbeidde for at Sverige skulle ta vinterøvingar inn i eit vinterprogram i samband med dei olympiske sommarleikane i Stockholm i 1912. Dette var svenskane sterkt imot fordi dei sidan 1901 hadde arrangert Nordiska Spelen kvart fjerde år. Nordiska var eit stemne sett saman av øvingar både på ski og skøyter, men i tillegg hadde dei snørekøyring etter hest og ulike øvingar på sparkstøtting på programmet.

Nordiska Spelen fekk aldri det gjennomslaget svenskane drøymde om korkje heime eller ute. Likevel sloss dei med nebb og klør mot dei ulike forsøka på å få vinterøvingar inn på det olympiske programmet. Ein nøkkelman i dette var Victor Balck som var drivkrafta bak Nordiska Spelen, samstundes som han var visepresident i IOC.

Norges Skiforbund (NSF) såg i 1914 annleis på spørsmålet om vinterleikar. Etter førespurnad frå Tyskland støtta NSF ideen om eit olympisk vinterstemne i samband med OL i Berlin i 1916. Ved den olympiske kongressen i Paris i juni 1914 var det Noreg som formelt føreslo olympiske vinterleikar i Feldberg i Schwarzwald, vinteren før leikane i Berlin. Det norske forslaget blei vedtatt med eit romsleg fleirtal, og det var klart for vinter-OL i Feldberg i Tyskland. Diverre blei drapet på erkehertug Franz Ferdinand i Sarajevo få dagar etter IOC-kongressen starten på fyrste verdskrigen. OL i Feldberg og Berlin blei aldri arrangert.



Etter krigen vurderte Noreg å søke både sommar- og vinterleikar for det olympiske året 1924, men Norges Landsforbund for Idrett meinte at det ville krevje for mykje av idretten. I Frankrike var dei derimot klare og sa ja til olympiske sommarleikar i Paris i 1924. Frankrike hadde arrangert skirenn i Savoie-distriktet sidan århundreskiftet, og blant andre Olav Bjaaland frå Morgedal, hadde vunne både heider og premiar i sølv ved skirenn i Chamonix og distriktet rundt. Club Alpin Francais hadde fått god røynsle i å arrangere skirenn og dei føreslo nå dei fyrste olympiske vinterleikane lagt til Chamonix vinteren 1924.

Skiforbundet i Noreg hadde nå fått eit styre som tok til å støtte den svenske OL-motstanden. For å få dei dominerande skinasjonane i Norden med i leikane, gjekk franskmennene med på **ikkje** å kalle leikane «Olympiske». Nordmenn, svenskar og finnar beit på kroken, og det var klart for det fyrste vinterolympiske arrangementet. Noreg vant mest alt som kunne vinnast i øvingane på ski. «*Vi viste dem vinterveien*» skreiv avisa Sportsmanden.

Men leiarane i NSF var ikkje like nøgde. Franskmennene hadde sjølv sagt kalla arrangementet «Olympisk» både i brosjyrer og media, og skileiarane i Noreg var rasande. Når så IOC året etter vedtok at leikane i Chamonix verkeleg var olympiske, og at det skulle bli nytt vinter-OL i St Moritz i 1928, vart det eit ramaskriv frå leiarane i NSF: Vi skulle ikkje delta i St. Moritz! Men dei aktive løparane og det skiglade Noreg ville det annleis. Ved landsmøtet til NSF på Lillehammer i 1927 blei det «sinte» styret kasta, og eit meir internasjonalt orientert styre overtok. Leiar blei Nikolai Ramm Østgaard. Noreg deltok med full tropp i St. Moritz i 1928. Som president i Det Internasjonale Skiforbundet (FIS) i perioden 1934 - 1951, vart Østgaard ein av dei mest viktige leiarane i saga om norsk idrett.

